Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Julenissen

Oppskr. av: Sv. Myklebust

(adresse): Veiteberg

Fylke: Sogn & Fjordane

Herad: Jölster

Bygdelag: Stardalen

Gard: Veiteberg

G.nr. 18 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
A. K. Veiteberg, kvinnam 75 år

SVAR

1. Julenissen fyrst på fester her etter 1930 – i 20 år. – Juletrefestar, born. Seinare brukt i heimane meir og meir. No kanskje kulminert. Han deler ut julepakksane or sekken sin til kvar einskild, eller tømer dei under juletreet. For 30–40 år var det meir so at borna skulle få hausta juletreet med ljos og frukter. Dei lengta etter at treet skulle kastast ut, endå til. Julegåvene var klede ell. skor frå far og mor ell. gotter frå dei ell. bysken.

Det ser ut til at nissen har kome inn med julekort og j.hefter. No vert han halden oppe av forretn. sine julegå... som vert meir storslegne og uvisse.

2. Julenissen får kanskje eit kvart, om ein hugsar det; for ingen skal ta med seg jula, når dei går, utan å få noko. Men då han bur maske, passar det ikkje so godt for han ete.

3. Det er vaksne i heimen og born i skule (på juletrefest) som er nissar. Dei nissar skal helst vere små born

2

4. J. nissen er kledd i knebukse, treskor raud toppelue (gamal) med grøn kant raud vest, kvit skjorte og stav i hand. Kvitt skjeggrav, og skeglav

5. Har aftrot kjøpte masker no om råd

6. Det er ikkje so mykje snakk om julebukkar lenger. Det var heilst ute i jula med nyttår dei var utkledde. - Elles har slik utkleding vore mykje nytta i brudlaupslag, med eller utan maske. På julefest i 1890 kom 12 utkledde kom på festen og skræmde borna. Dei hadde maskert seg.
Og i brudlaup på Haugen 1900 kom ein til garde so godt utkledd med maske at dei kunne ikkje kjenne han

7- Julebukkane gjekk helst for å halde moro, og fekk vel litt julekost om dei kom inni stova då.

8. Ein må vel seie at folk tenkjer seg julenissen som sit på låven med sin julegraut, - han som før hjelpte til i fjøset - tunveren. Men ein skjemtar med borna at han kjem over fjella, nærare og nærare.

9. Før skræmde dei borna med at dei måtte kome heimatt tidleg om kvelden så ikkje julebukkane eller julegeitene skulle ta dei. Dette er tilsom det einaste samband mellom julenissen (den snille) og julebukkane, som var litt fårlege og ikkje hadde so mykje gåver.

5450
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING